

## Bruk og renovering av ekspedisjonsbygg i Holmen – Hjeltnes vidaregåande skule

Etter miljøkartlegging av bygget viser det seg at det trengst omfattande renovering av omsyn til miljøfarleg byggmateriale.

Bygget er på totalt 715 m<sup>2</sup>.

I høve til nytt veksthus for planteproduksjon, planteskule og hagesenter er det behov for desse funksjonane i ekspedisjonsbygget:

- Kaldtlager, ca 180 m<sup>2</sup> - trengst i tilknytting til planteproduksjon og lagring/ oppevaring av produksjonsutstyr til planteskule / hagesenter.
- Kjemikalierom - trengst som i dag
- Rekvisitarom – trengst som i dag
- Fyrrom, 80 m<sup>2</sup> - fjerna oljefyrane og eine elektorkjelen, ny varmpumpesentral ?, Plassering av gjødselblandar for veksthuset. Kan truleg gjerast mindre ?
- Klasserom 55 m<sup>2</sup> – treng eit klasserom til grupper på ca 16
- Garderobe/ toalett / vestibyle – som no til elevar og fagarbeidarar
- Kjøkken, 20 m<sup>2</sup> – til elevøvingar som no, evt. takast med i eit større øvingskjøkken
- 2 stk kontor, ca 30 m<sup>2</sup>, truleg nok med eit kontor, evt. ein kontorstad i samband med butikk / hagesenter.
- Arbeidsrom / ekspedisjonen, 80 m<sup>2</sup> – disponibelt då arbeidsrommet i grønsakhus vert nytta i den nye planteskulen.
- Kjølerom , 3 stk, ca 63 m<sup>2</sup> – disponible

Bruk av ekspedisjonsbygget til nytt fagskuletilbod innan agrogastronomi.

I mulighetsstudiet for Hjeltnes held me no på å greia ut eit nytt fagskuletilbod med arbeidstittelen AgroGastronomi. Målet er å utvikla ny fagskule på inntil 2 år på fulltid for 15 studentar, innan gastronomi/matkultur/matforedling der heile næringsrekkja og verdikjeden frå jord til bord, fjord til fjell, vert teke i bruk. Ved å plassera dette i Holmen vil me har nærhet til dyrkingsareal for grønsaker, nærhet til kjølelager og dyrkingsaral for grønsaker og urter i veksthus. I Holmen vil det og kunna etablerast plastunnell dyrking av ymse bærslag. Området har og areal, ca 2500m<sup>2</sup>, til evt nybygg i høve til fagskuletilbodet.

Disponibelt areal i eksisterande bygg er no 143 m<sup>2</sup>, i tillegg kjem dagens klasserom som er stort nok til ca 20 elevar og dagens kjøkken på ca 20 m<sup>2</sup>.

Fagskulestudiet har behov for øvingskjøkken med lagerrom, kjølar og serveringsrom til 15 studentar, evt. 30 dersom studiet vert 2 årig med opptak kvart år. Ein vil og ha behov for utvida garderobekapasitet i tilknytting til øvingskjøkken.

Framdriftsplan i høve til Fagskulestudiet er godkjent NOKUT søknad våren 2015 og politisk handsaming av mulighetsstudiet for Hjeltnes vgs våren 2015. Mogeleg oppstart hausten 2016.

Hjeltnes vgs 18. feb. 2014

Gunnbjørg Øyre